

## Sei di meining

NYHENDESAKER:  
firda.no  
INNLEGG:  
firda.no/synspunkt

## Synspunkt

## FIRDA

Grunnlagt 1917. Partipolitisk og økonomisk uavhengig avis.

## Ambisiøse planer for samferdsla

**I NASJONAL TRANSPORTPLAN** som blei lagt fram like før helga, er det mangt å glede seg over, sett frå Sogn og Fjordane si side. Ikkje minst gjeld det opprusting av E39 og at midlar til rassikringa av Kjøsnesfjorden kjem på plass. Tunnelar på Strynefjellet og Vikafjellet er også viktige prosjekt for fylket som er tekne med i planen, og på den positive sida tek vi også med at Stad skipstunnel omsider ser ut til å kunne bli realisert. At ein også har funne midlar til å ruste opp innseglinga til Florø og verftet der, set vi også eit stort plussteikn ved, fordi det vil bety mykje for næringsutviklinga. Så får vi setje vår lit til Liv Signe Navarsete sine lovnader om at Førdepakken blir teken med i ein fellespott over planlagde prosjekt.

## LEIAR



**Bilistane må betale dyrt for den samferdslesatsinga vi ser**

**ALT I ALT MÅ VISE IE** oss nøgde med Nasjonal Transportplan, som inneheld investeringar for ufattelege 500 milliardar. Det er ein auke på femti prosent i høve til føregåande plan. Men sjeldan har krav og forventningar vore større før ein slik plan er blitt lagt fram, og godt styrte lekkasjar frå regjeringshald, som til dømes ferjefri E39 innan 20 år, har sjølvsagt vore med på å skru forventningane enda meir i vèret. Nokre vonbrot vil det alltid vere, men alt i alt har regjeringa lagt fram ein transportplan som dei fleste vil finne mykje positivt i. I Nordfjord er mange skuffa over at regjeringa ikkje har bestemt seg for eit framtidig brusamband, men det har dei nok delvis seg sjølv å takke for, sidan det er stor strid om alternativa. For sentrale styresmakter er det sjølvsagt lettare å prioritere tiltak som det er regional semje om.

**VI VIL OGSÅ MINE OM** at plan og gjennomføring er to ulike ting. I åra framover vil det bli ein kamp om midlar til dei ulike prosjekta, spesielt fordi etterslepet på vedlikehaldssida er så stort. Regjeringa har heller ikkje lagt så mange pengar i potten som planen skulle tyde på. Bilistane må betale dyrt for den samferdslesatsinga vi ser, i form av bompengar, når til dømes det ferjefrie E39-sambandet skal betalast så å seie fullt ut av brukarane.

Firda ønskjer å rette seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg gramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, tf. 22 40 50 40. E-postadresse: pfu@presse.no

## Yrkes- og fagopplæring

**Opplæring:** Vi må bli flinkare til å «prate opp» og marknad



## DEBATT

NILS STØYVA  
fylkesleiar Sogn og Fjordane Ap

Rundt om i fylket føregår det store og viktig diskusjonar om skulebruksplanen til fylkeskommunen.

I diskusjonen om skulestrukturen blir det i alt for liten grad sett fokus på den viktige fag- og yrkesutdanninga. Allmennfag eller studiespesialisering er sjølvsagt viktig, men samfunnet, næringslivet og kommunane skrik etter personar med fagbrev eller anna fag- og yrkesutdanning.

Den massive arbeidsinnvandringa til fylket og landet vårt skuldast m.a. mangelen på kvalifisert arbeidskraft.

**EIAVDEI** store utfordringane til yrkesfaga i fylket vårt, er det store fråfallet i løpet av skuletida.

Gjennom skuletida skal elevane først gå to år på vidaregåande skule for så å gå to år ute i ei lærebedrift. Kvart år er det om lag 850 elevar som startar på yrkesopplæring ved ein av dei vidaregåande skulane i fylket. Under 25 % av desse fullfører det fireårige løpet og kjem ut med fagbrev.

Fullføringsprosenten er alt for låg. Nokre elevar sluttar eller gjer omval i løpet av dei to første skuleåra. Andre går over til allmennfagleg påbygg eller går ut i arbeidslivet etter to år på skule.



len. Atter andre sluttar etter to år på den vidaregåande skulen. Gjennomføringsgraden er for låg og fråfallet er alt for stort.

**FRÅFALLET I YRKESFAGA** er ei stor utfordring også på nasjonalt nivå. Men Sogn og Fjordane utmerkar seg negativt ved at mange av elevane ikkje går ut i lærebedrift etter to år på skulebenken. Den raudgrøne regjeringa med Arbeidarpartiet i spissen har teke tak i utfordringane med yrkesfaga gjennom Stortingsmeldinga «På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen» som vart lagt fram for eit par veker sidan.

I Stortingsmeldinga blir det

slått fast at teorifaga i yrkesopplæringa skal bli meir praktisk retta. Teorien må i sterkare grad koblast opp mot det praktiske arbeidet i bedriftene. Dei praktiske eksempela skal hentast frå lærebedriftene og næringslivet. På denne måten skal teorien bli lettare å tileigne seg utan at nivået vert senka.

**UNDERVISNINGA** skal også gjerast meir fleksibel gjennom ei veksling mellom praksis ute i bedriftene og teori på den vidaregåande skulen. Det skal også gjevast høve til å fordjupe seg i deler av teorien m.a. gjennom valfag. Undervisninga skal også gjerast meir fleksibel og tilpas-

## SJØLVPLUKK

## OM LØNNING

Kva slag politikk var Inge Lønning? Ein slags siste mohikana: professorpolitikaren. Meir verneverdig er likevel det han tilførde norsk politikk, ein djup vørndnad for politikk som kraffelt i samfunnslivet. Og ikjøting av argumentets kraft i politikk.

Morten Søberg i Dag og Tid

## MARSKULDA

Gradestokken har gløymt å sjå på kalenderen. Kva har marskulda med global oppvarming å gjera? Det ser ut til å vera samanheng mellom isutbreiinga i Arktis og vinterklimaet i Norge.

Tore Furevik, Bjerknessenteret, til Dag og Tid

## FACEBOOK-DOP

Politiet mistenker at en 15-åring solgte hasj til to 12-åringar på Facebook. BA har tidligere skrevet om tilfeller der det har blitt solgt narkotika via nettstedet Facebook.

BergensAvisen

## BJEFF MEIR

Frp er blitt et moderne parti som vil gjøre sine hoser grønne for å komme i regjering til høsten, men partiet bør ikke bli for politert. De må ikke glemme røttene, da faller det folkelige engasjementet.

Eks-ordfører og stortingsmann Knut Hanselmann på Askøy til BergensAvisen